



Grunneigarar langs Laugevatn, etter mottakarliste

Vår dato: 06.06.2025

Vårt ref.: 201200012-39 /041 /MK

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Konsesjonspliktavurdering av nedlegging av Laugevatn Dam

Vest-Telemark Kraftlag (VTK) søkte i 2024 Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om ein konsesjonspliktavurdering for å avklare om ein eventuell nedlegging av Laugevatn dam er konsesjonspliktig etter vassresurslova. Saka er no tildelt sakshandsamar i NVE, og vil bli sendt ut på ein avgrensa høyring.

Du kan lese VTK si melding og grunngjeving for søknaden på

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9472&type=V-2>,

eller enklare, ved å søkje opp «Laugevatn» frå

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/>

Ei nedlegging av Laugevatn dam vil i praksis bety at ein fjernar dammen, og at vasstanden vil bli senka med om lag 1,4 meter frå dagens nivå. Dette vil igjen ha som følge at landskapet rundt Laugevatn vil endre seg. Grunnen til at VTK ynskjer å fjerne dammen, er at han ikkje tilfredsstiller dagens krav til damtryggleik. Dam Laugevatn er klassifisert i konsekvensklasse 2, og utgjør ein betydeleg risiko for bygningar, infrastruktur lenger ned i elva og vegen til Lårdal om han skulle kollapse. Sjølv om eit dambrot er lite sannsynleg, er det ikkje godt nok dokumentert korleis dagens dam er konstruert. Sidan ikkje VTK eller nokon andre har nytte av dammen til reguleringsformål, er det vår vurdering at det er meir hensiktsmessig å fjerne dammen enn å byggje ein ny som tilfredsstillar krava i damforskrifta.

Det er NVE som avgjer om fjerning av dammen er konsesjonspliktig, og i det ligg det også ei vurdering av om fordelene ved å fjerne dammen er større enn ulempa for natur, friluftsliv, kulturminnevern og andre brukaromsyn. Sidan det er ei avgrensa høyring, vil berre Tokke kommune, Fylkeskommunen og Statsforvaltaren vere inviterte høyringspartar, men det er mogleg å sende inn høyringssvar til NVE på eiga initiativ.

Det er viktig for VTK, NVE og den vidare prosessen å få avklart om nokon ynskjer å overta ansvaret for dammen slik han er i dag. Tokke kommune vil få høve til å svare ut dette gjennom høyringa. Om du som grunneigar har interesse av å overta ansvaret for dammen frå VTK, ber vi deg om å ta kontakt med VTK om saka innan 1. august 2025.

Med helsing

Magnus Kvalbein

Magnus Kvalbein, sakshandsamar. magnus.kvalbein@vtk.no

Mottakarakar:

Torhild Heide-Bjørndal, 15/11

Kittil Nils Teigen, 15/2

Ove Olav Sending, 16/2

Jens Jacob Bleikelia 16/4

KOPI:

Tokke Kommune

NVE